



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/556 - 17/22022

Saksbehandlar:
Laura Ve
laura.ve@osteroy.kommune.no

Dato:
25.10.2017

Kunngjering av vedtak områderegulering Valestrand sentrum - Osterøy kommune planID 12532011003.

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) §12-12 er framlegg til plan handsama i Heradsstyret i sak 055/17 den 20.09.17. med slikt vedtak:

- Osterøy kommune vedtek Områderegulering for Valestrand sentrum, planID 12532011003, med føresegner (dagsett 15.08.2017), planskildring (dagsett 15.08.2017) og plankart (dagsett 10.05.2017) slik dei no ligg føre, med tilhøyrande vedlegg, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12 med slik endring: BKB02 skal ha kotehøgde 23 og BBB02 skal ha kotehøgde 35 slik det ligg i vedtaket frå Heradstyret 29.03.17.**
- Det er utarbeida vegteikningar for delar av vegnettet i Valestrand, i hovudsak knytt til fylkesveg men også for delar av kommunalt vegnett. Desse er retningsgjevande for vidare detaljering og realisering av planen.**
- Områderegulering for Valestrand sentrum, planID 12532011003, erstattar i si heilheit planane under. I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert desse planane oppheva:**
 - **Plannr 504_55 - Fjæregarveriet, Reigstadåsen. Vedteken 19.06.1991**
 - **Plannr 504_66 – RV Parsell Kringastemma-Valestrand. Vedteken 06.11.2002**
 - **Plannr 504_47 - Øvre Eide. Vedteken 31.01.1991**
 - **Plannr 504_2 – Vardalen. Vedteken 05.10.1976**
 - **Plannr 504_56 - Valestrandsfossen Sentrum. Vedteken 23.03.1994**
 - **PlanID 504_ - Valestrandsfossen sentrum – reguleringsendring Fossen senter. Vedteken 15.02.2002**

De er med dette gjort kjend med vedtaket.

Føremålet med planen er å leggja til rette for eit meir definert sentrumsområde med forretning, kontor, næring og bustadar for å kunne bygge opp eit tettare og levande sentrum.

Tiltakshavar er Osterøy kommune medan planframlegget er utarbeida av Seksjon for plan.

Plandokument og vedtak ligg på kommunen si heimeside:

<http://www.osteroy.kommune.no/kunngjering-av-vedtak-av-omraaderegulering-valestrand-sentrum-planid-12532011003.6047634-299036.html> , i kommunen sitt planregister

<http://braplan.geoweb.no/braplan/> , til gjennomsyn i servicekontoret på Rådhuset og på Osterøy bibliotek.

Grunneigarar, lag og organisasjonar og offentlege instansar er direkte tilskrive.

OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN

Vedtaket kan etter PBL §1-9 påklagast til Fylkesmannen av den som er part eller har rettsleg klageinteresse. Klage må vere framsett skriftleg til Osterøy kommunev/ plan, Rådhusplassen, 5282 Lonevåg seinast innan **24.11.2017**.

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk av området og er bindande for nye tiltak, samt utviding av eksisterande tiltak, jf. PBL §12-4. Eventuelle krav om erstatning eller innløyning i samband med godkjend reguleringsplan må setjast fram innan 3- tre år- etter denne kunngjeringa, jf. PBL § 15-2 og 3.

Klagefrist er sett til 24.11.2017.

Med helsing

Laura Ve
seksjonsleiar plan og teknisk forvaltning

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Fjerdegongs handsaming - Plansak 12532011003 - Områderegulering Valestrand sentrum
planskildring_Valestrand områderegulering_4.gong
plankart_12532011003_Valestrand områderegulering_4.gong
føresegn_12532011003_Valestrand områderegulering_4.gong